

Fristen for merknader til reguleringsplan Børnes er måndag 7. september.

03.09.2020




Børnes Næringsområde slik det ser ut i dag, fotografert fra Steinsletto.

Med bakgrunn i vedtak 9. juni vart Detaljregulering for Børnes Næringsområde lagt ut til høyring og offentlig ettersyn. Fristen for å koma med merknader til planen er måndag 7. september. Gjeldande reguleringsplan for Børnes vert med dette oppheva. Kvinnherad kommune eig planen. Konsulenten har vore ABO PLAN & ARKITEKTUR på Stord.

Målet med planen er å leggja til rette for eksisterande og framtidig næringsetablering slik at kommunen kan tilby eit godt og byggjeklart næringsområde. Når det gjeld infrastrukturen legg planen opp til at dagens kryssløysing vert utbetra og at det vert laga busslommer ved kryssen. Det er også regulert gang- og sykkelveg langs sørsida av Fylkesvegen fram til busslomme. Vegkurvaturen vert utbetra og fartsgrensa vert sett til 50 km/t.

To bustader, som i dag ligg i planområde, vert i planframlegget regulert til næring. Eigedomane kan nyttast til bustadføremål fram til kjøp/ overtaking.



Planområde med Mørkevågen, Klubben og aealet langs fylkesvegen.

Elles er det ei rekkje punkt som skal gjennomførast før 2. gongs behandling. Det går mellom anna på: Møte med Vassverket om utbetringar, spillvatn og overflatevatn, vegskjeringar og fyllingar, utnyttingsgrad frå 50 % til 60 % på eigedomen til Br. Hjørnevåg og privat parkeringsplass på kommunal grunn.

Alt i innspelfasen kom det inn merknader frå naboar, privatpersonar, Uskedal Utvikling og frå dei som driv næring i område. Fram til måndag 7. september er det høve til å senda nye merknader.

Ved oppstart av planarbeidet var det folkemøte i Helgheim. Det er ikkje kjend om kommunen legg opp til ope infomasjonsmøte før endeleg vedtak føreligg.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal